

Notat

Frå: Næringsavdelinga v/Lena Merete Söderholm


Til: Hovudutval for plan og næring (HPN)

Kort informasjon om Sogn og Fjordane sin fellesstand Nor-Fishing 2014

- og invitasjon til HPN til å vitje fellesstanden 19.-20. august

Fylkeskommunen har også i 2014 teke initiativet til ein fellesstand for det fiskerirelaterte næringslivet i fylket under fiskerimessa Nor-Fishing 2014 i Trondheim. Messa vert arrangert 19.-22. august 2014.

Fylkeskommunen gjennomførte hausten 2013 ein open anbudsrunde og sto att med eitt tilbod frå A til Å Grafisk Design og Media AS som vi aksepterte. Standen vil i år nytte element som fylkeskommunen fekk produsert til messa for to år sidan, der m. a. «fyrstårnet» i andre høgda er tenkt å verte eit landemerke (sjå bilete under).



Bildet syner skisse av stand 357 i hall D

Øyrane vidaregåande skule vil saman med Kokkenes Mesterlaug Sogn og Fjordane stå for servering av mat og drikke kvar dag under messa. Sjømatbaren i 2. høgda dekker om lag 60 m², medan utstillararealet er på 132 m². I overkant av 20 utstillararar er representerte på fellesstanden. Det er oppretta ei eiga side for fellesstanden www.fiskerifylket.no der det er meir informasjon om standen, utstillarane og med lenke til utstillarane sine egne heimesider.

Fylkeskommunen har reservert hotellrom til utstillarane på Rica Hotell Nidelven. I samråd med leiar for hovudutval for plan og næring (HPN) er det sett av *to enkeltrom* for natta 19.-20. august. Desse kan nyttast av to medlemmar av HPN. ***Utvalet gjev administrasjonen tilbakemelding på kven som eventuelt vil nytte hotellromma.*** Utgifter til reise og opphald må, som i tidlegare år, dekkast av politikarane sine eigne budsjett.

Fylkesordføraren vil vere til stade på messa den 19.-21. Vi vil forsøke å lage eit enkelt arrangement der representantar frå fiskerinæringa som er til stade på fellesstanden (og kanskje nokre av dei som har eigen stand) kan gje korte presentasjonar av si verksemd til fylkesordførar og HPN sine representantar.

